
Fra: Kristin Schübeler Nielsen
Sendt: tirsdag 26. mars 2019 13:02
Til: 'Skulstad Marianne'
Kopi: 'tor.hoyland@vegvesen.no'; Kristin Nåmdal
Emne: Reguleringsplan Snekkevika, Lindås kommune
Vedlegg: Uttale til oppstart av privat reguleringsplan - Snekkevia, Eknes (46895....pdf; F 1-0rste s 1-0knad til Statens vegvesen - redusert hastighetpdf; svar på 1-0rste s 1-0knad om redusert fartsgrense - Fv. 393 - Eknes - Linda 1-0knad kommune.pdf; va 1-0rste s 1-0knad om redusert fartsgrense - Fv. 393 - Eknes - Linda 1-0knad kommune.pdf; A10 Reguleringsplan _ Layout (434788).pdf; A11 Illustrasjonsplan _ Layout (434790).pdf; Reg.bestemmelser 12.11.2018 (434768).pdf; Planbeskrivelse 12.11.2018 (434778).pdf

Hei!

Eg har vore i kontakt med Zeil Elisabeth Hagen og Tor Høyland på telefon i går og i dag, og går vidare til deg med spørsmålet om moglegheita for at fartsgrense langs del av fv. 393 kan verte sett ned:

Lindås kommune har motteke framlegg til reguleringsplan i Snekkevika på Eknes ved fv. 393. Tiltakshavar har i forkant av innleveringa av planmaterialet vore i kontakt med Statens vegvesen fleire gongar, og ønskje frå tiltakshavar i denne kommunikasjonen er at fartsgrensa langs fylkesvegen forbi planområdet vert senka frå 80 til 50 km/t.

I dykkar uttale til oppstart, datert 10.08.2017 (sjå vedlegg), bad de m.a. om at fylkesvegen vart innlemma i planområdet. I det innsendte planmaterialet er denne ikkje innlemma, og det er følgjeleg ikkje lagt opp til trafikktryggingstiltak frå tiltakshavar langs fylkesvegen utover ønskje om nedsett fartsgrense. Siste informasjon frå dykk knytt til ønskje om nedsett fartsgrense, i brev datert 07.08.2018 (lagt ved), er at Statens vegvesen saman med politiet vil vurdere fartsgrensa på heile fv. 393 og at de vil sjå på moglegheit for mindre justeringar på Eknes.

Dei to hovudspørsmåla er:

- Når vil det kunne verte vurdert om fartsgrensa kan senkast ved det aktuelle planområdet på Eknes?
- Vil ei eventuell senking av fartsgrensa langs planområdet etter dykkar syn kunne vere eit tilstrekkeleg trafikktryggingstiltak, eller vil de framleis be om/krevje at planområdet vert utvida til å omfatte fylkesvegen og at det vert lagt opp til ytterlegare trafikktryggingstiltak for mjuke trafikantar?

Vedlagt finn de plankart, illustrasjonsplan, føresegner og planomtale, saman med korrespondansen knytt til fartsgrense mellom tiltakshavar og dykk. (Kommunen har ikkje motteke tekniske vegteikningar.)

Med venleg helsing

Kristin Nielsen | Arealplanleggar/sivilarkitekt

E-post: kristin.nielsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 51 03

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

